


# ÅRSMELDING 2025

## JØSNESET BYGDARÅD



 Jøsneset  
Bygdaråd

### Styret 2025

- Oddvar Skiftun - leiar
- Silje Sværen - kasserar
- Johan Fosså - utleigeansvarleg
- Svanhild Hjorteland Gbada - sekretær
- Joar Rosså - vaktmeister
- Vara - Jon Brandal og Øyvind Oaland

- 4 kontaktmøter med Hjelmeland kommune
- Alle grendelag i kommunen inkl Jøsneset bygdaråd, er nå meldt inn i [Vellenes Fellesorganisasjon](#), som er ein landsomfattande organisasjon for velforeningar, grendalag ol. Her får ein faglege råd, juridisk bistand, forsikring, inspirasjon mm.. Dette er gjort vha Hjelmeland kommune.
- 5 styremøter ila 2025 og elles ein god del dialog på messenger, epost/telefon og i samband med arrangement og dugnader.
- Har KPI-regulert utleigesatsane for utleigelokaler, og fornya avtalar
- Ein del arbeid med utleige av rom/utstyr Grendahuset + drift/vedlikehald av bygget
- 5. mars : Årsmøte Grendahuset, ca 20 frammmøtte.
- 20 mars . Hjelmeland kommune inviterte til folkemøte om kommunedelplan for byggeråstoff. Veldig bra frammmøte. Bygdarådet var teknisk arrangør og kaffekoker
- 7,12 og 14 april: gjennomført skriftleg meiningsmåling med spørsmål om steinbrotsplanar i Knutsvikheia skulle inn i Kommunedelplan byggeråstoff. 58 stk avga stemmer: 60,3 % ja, 37,9 nei, 1,8 veit ikkje. Resultat oversendt kommunen. Eiga uttale frå Bygdarådet blei ikkje sendt då årsmøtet avgjorde at Bygdarådet si rolle var å leggje til rette for informasjon, meiningsutveksling/måling, elles nøytrale
- Skjærtorsdag: Fellestrening-med-quizz, gymsalen
- April – mai: Dugnad i gamle garderobane/inngangsparti: riving. Kjørte bort fleire lass med rivningsavfall. Rydda vekk ubrukeleg utstyr mm «gratis-loppemarked»
- Sommar: Hjelmeland bygg blei leigd inn til å oppgradere inngangspartiet og toalettet Grendahuset, (der gamle garderobane var). Ferdig haust 26 – siste «hand på verket» var montering av ny automatdør med kodelås. Nå tilfredsstillar innvendig lokale krav til universell utforming. Rampe utfor foreløpig ikkje
- Strandrydding: ein del frivillige rydda i kvar sine strender, Bygdarådet koordinerte
- 30.april: ryddedag: uteområde rundt Grendahuset og langs vegar i bygda
- 17.mai: Eigen komitè arrangerte, men rekneskapen går via Bygdarådet
- Mai: sendte uttalar om struktursaker i kommunen: helse/omsorg og oppvekst
- 21. juni: Jonsokfeiring i Skiftustranda, ganske bra vær, fiske-og krabbe-konkurrans m/premiering, tautrekking, grilling og utdeling av is . Bra frammmøte
- 2.august: Smashing Jøsneset v/eigen komitè, Stor innsats, suksess og godt oppmøte. Tilhøyrande dugnad i forkant og etterkant.
- Midten september: Hjelmeland kommune inviterte til folkemøte om Kommuneplanen sin arealdel. Bygdarådet teknisk arrangør og kaffekoker.
- 13 oktober: uttale til kommunen/Kolumbus om buss/hurtigbåtruter.
- 19.oktober: TV-aksjon, bøssebæring rundt i bygda/ferjekai, kafè på Grendahuset
- 28.okt: innlegg ved Magnhild Meltveit Kleppa «Frå Jøsneset skule til Stortinget» på Grendahuset, Bygdarådet serverte kveldsmat. Godt frammmøte.
- 22. November: Pub Grendahuset, m/ pilkastkonkurrans
- 30. november : Julepynting i Nesvik og ved Grendahuset m/ lys, stjerner og snømann og reinsdyr, som blei toppa med tenning av julegrana og sang rundt treet + Graut/gløgg-samling på Grendahuset etterpå.

- Desember: sendt innspel til kommuneplanens arealdel om å oppretthalde spreidd bustadbygging og industriområde Fosså
- To kveldar i oktober og desember: Spelekveldar på Trivselstova
- Kvar torsdagskveld 19.30 heile året: «sjølvgåande» fellestrening i Gymsalen v/treningsgruppa m/ styrke, kondisjon og strekk. Ope for alle uansett medlem eller ei.
- Jøsneset «treningscenter»: medlemspris for 2025 var kr 400: gir tilgang til gymbygg m/treningsrom og gymsal. Lokala er ofte i bruk, både av medlemmer og enkeltpersonar/småbarnsfamiliar som «drop-in».



### Organisering elles:

Valnemnd: Solveig Bog, Elsa Nesvik Altamirano + Christian Wyller (nå trekt seg)

Revisor: Ellen Mari Fosså

Trening/Trim: Silje Sværen, Svanhild Hjorteland Gbada

Smashing-komitè: Odd Fosså, Hanne Tjeltveit, Sven Westersjø, Silje Sværen. + Oddvar Skiftun JB

Nettside- og Facebook-redaksjon : Silje Sværen, Solveig Bog, Svanhild Hjorteland Gbada

Flaggansvarleg: Inge Torkel Skiftun, har sagt opp frå 1.1.26

Prosjekt: «Gamle ferdseisvegar»: Ådne Skiftun, Rasin Tjeltveit, Svanhild H. Gbada

Økonomien er solid, sjå eiga sak om rekneskap. Drift/økonomi/enkeltsaker er haldne innanfor årsmøtet sine rammer ift økonomi og reglement. Vedlikehald og drift av grendehuslokala krev framleis mykje frivillig innsats. Det er ei utfordringar at me er ei lita bygd med lite folk «å ta av» - dette merkes òg ift oppmøte arrangement. Men kjekt at treningsfascilitetane er godt i bruk, og gledeleg at det ofte er folk innom på Grendahuset

**Hjarteleg tusen takk til alle som har bidratt til at 2025 har blitt eit fint år: alle som tar initiativ, stiller på dugnad for bygda og alle som deltar på arrangement.**

Vår viktigaste infokanal er nettsida [www.josneset.no](http://www.josneset.no) og Facebook Jøsneset + to oppslagstavler Nesvik og Skiftun.

Tips og annonsering til nettsida sendast til: [nettside@josneset.no](mailto:nettside@josneset.no)

Saker du ønskjer Bygdarådet skal ta opp: [bygdaradet@josneset.no](mailto:bygdaradet@josneset.no)



februar 2026

Oddvar Skiftun

Silje Sværen

Johan Fosså

Joar Rosså

Svanhild Hjorteland Gbada

